

Radøy kommune Skulefagleg rådgjevar
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Informasjon om prosjekt Samordna foreldreopplæring i Statped

Statped har fått eit oppdrag frå Utdanningsdirektoratet om å utvikle ei samordna foreldreopplæring for foreldre til barn med særlege behov. Arbeidet skal utviklast gjennom prosjekt Samordna foreldreopplæring. Dette er eit toårig prosjekt som skal avsluttast i desember 2016.

Målsettinga er å utvikle, styrkje og samordne eit heilskapleg opplæringstilbod for foreldre til barn som får tenester frå Statped. Ein skal i særleg grad ta omsyn til behova og ønska til foreldra, slik at dei i større grad kan ta del i og også ta medansvar for opplæringa til barna. Tilboda om kompetanseutvikling skal vere tilgjengeleg for foreldra innanfor alle fagområda og i alle regionane i Statped.*

Våren 2016 skal det gjennomførast eit pilotarbeid. Eit utval av foreldre til barn med særlege behov i alderen 0 til 10 år vil få tilbod om å delta på eit to dagars kurs ved kurssenteret i Statped vest, Bergen. Det er totalt ca 20 foreldrepar, 3-4 foreldrepar frå kvart fagområde i Statped, som vil bli inviterte til kurset. Kursprogrammet vil omfatte ein innleiande del med nokre tema som kan vere felles for alle foreldra, og ein større fagspesifikk del som vil vere faglege fordjupingar i tema som er aktuelle for dei ulike foreldregruppene. Døme på fellestema er elev- og foreldrerettar, inkludering, læringsmiljø og tilpassa opplæring / spesialundervisning.

I pilotarbeidet vil Statped prøve ut ein tilrettelagt modell for foreldreopplæring. Gjennom grundige evalueringar frå foreldra og tilsette i pilotarbeidet kan Statped få eit godt dokumentert grunnlag i det pågåande arbeidet med å utvikle eit heilskapleg kurstilbod for ulike foreldregrupper. Hausten 2016 skal Statped gå i gang med eit tilsvarande arbeid i ein større målestokk i alle regionane i Statped. Oppdraget frå Utdanningsdirektoratet har ei målsetting om at Statped på sikt skal kunne tilby eit systematisk og føreseieleg opplæringstilbod for foreldre i ulike periodar i opplæringa til barna frå 0 til 20 år.

Foreldra vil få eit invitasjonsbrev frå Statped i løpet av veke 7-2016. Dei vil få tilbod om å delta på eit kurs 18.-19.04.2016. Alle dei inviterte foreldra har barn som i dag får tenester frå Statped etter søknad frå kommunane.

Statped

Statped vil dekkje kursavgifter og alle kostnader knytt til kost og losji. Staten kan diverre ikkje dekkje reisutgiftene til foreldra. Det kan difor kome søknader frå foreldra om kommunen kan dekkje reisutgiftene. Vi vonar kommunane kan stille seg positiv til dette. Vi viser til tilsvarande praksis som er etablert når brukarar frå kommunane deltar på kurs i regi av Statped. Foreldra vil få ei skriftleg stadfesting om at dei har vore deltakarar på kurset. Stadfestinga kan dei bruke som vedlegg til søknad om opplæringspengar frå NAV.

Vi vonar at kommunane ser nytten foreldra kan ha av å delta i dette kurstilbodet, og likeeins verdien av at foreldra får moglegheiter til å kome med innspel og vurderingar til Statped i arbeidet med å utvikle ei samordna foreldreopplæring.

Om det skulle vere trong om fleire avklaringar, kan ein ta kontakt med prosjektleiar Hilde Sundve Jordheim ved Statped hovudkontor (mob 911 40 103, e-post hilde.s.jordheim@statped.no)

Med helsing

Gerd Ingunn Opdal
regiondirektør

Hilde Sundve Jordheim
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert

Note:

Statped har 4 regionar: Statped sør-aust, Statped vest, Statped midt og Statped nord.

Statped har organisert tenesteutviklinga i 6 fagområder: Fagområde erverva hjerneskade, fagområde hørsel, fagområde kombinerte syns- og hørselstap, døvblindheit, fagområde samansette lærevanskar, fagområde språk-tale og fagområde syn.

Statped

Kopi til:

PPT for ytre Sogn og Sunnfjord, Askvollkontoret, Postboks 174, 6988 Askvoll
Pedagogisk-psykologisk tjenestekontor i Askøy, Postboks 323, 5323 Kleppestø
PPT Bergenhus, Neumanns gate 1, 5. etg., 5015 Bergen
PPT for Etne og Vindafjord, Rådhuset, 5580 Ølen
PPT for Flora, Hans Blomgate 5, 6900 Florø
PPT for Haugesund, Sveio og Utsira, Postboks 2160 Bedriftspostkontor, 5504 Haugesund
PPT for Klepp, Postboks 25, 4358 Kleppe
PPT-kontoret i Kvinnherad, Husnestunet, 5460 Husnes
PPT for Lindås, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
Os PPT, Postboks 84, 5202 OS
Radøy kommune Barne- og familieteneste PPT, Radøyvegen 1625B, 5936 Manger
Randaberg interkommunale PPT-kontor, Postboks 40, 4096 Randaberg
PPT for Sauda, Postboks 44, 4201 Sauda
PPT for Stord og Fitjar v/Laila Eriksen, postboks 304, 5401 STORD
PPT i Sund, Postboks 23, 5371 Skogsvåg
PPT for Tysvær og Bokn, Postboks 96, 5575 Aksdal
Voss PPT, Miltzowsgt 2, 5700 VOSS